
Saksnr: 2020/34796-6
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 13.05.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og vegavdelinga

Status for arbeidet med nye bompengepakkar

Bakgrunn

Det er tre vedtekne prosjekt på fylkesveg i Vestland fylke der det er gjort vedtak om bompengepakker, men der endeleg søknad enno ikkje har vorte sendt til Samferdselsdepartementet for framlegging for Stortinget til vedtak. Det vert her gjort greie for status for desse.

Status for søknader om nye bompengeprojekt

Kvinnheradpakken

Fylkestinget slutta seg til 11. desember 2018, i PS-sak 113/2018, til Kvinnheradpakken. Det vart lagt opp til fylkeskommunale midlar på 199 mill. kr. i tillegg til skredsikringsmidlar på 307 mill. kr. Bompengebidraget er sett til 165 mill. kr, mens kommunen skal bidra med 75 mill. kr (2018-kroner). Bompengepakken er føresett å vere porteføljestyrt, og omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma. Utbygginga vart i utgangspunktet planlagt i 2018-2023. Det er lagt til grunn at innkrevjinga skal skje på ferjesambanda, og at gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) vert på 35-43 2018-kr. Det samla garantibeløpet vart sett til 191 mill. kr (2018-kroner).

Det er oppretta byggherreorganisasjon for Kvinnheradspakken, og førebels er det aktivitet knytt til rassikringsprosjekt på fv. 500. Dette gjeld Furebergfossen som er i byggjefase, og rassikringsprosjekt/tunnel Kroka-Sunndal, som har vore lyst ut. Det hastar likevel å få avklart resten av porteføljen for å nå dei måla som er sette for pakken.

Søknad om godkjenning som bompengeprojekt er enno ikkje sendt til Samferdselsdepartementet. Førebels har det vore mogleg å vidareføre arbeidet i Kvinnheradpakken gjennom rassikringsmidlar.

Bømlopakke 2

Fylkestinget i Hordaland vedtok revisjon av Bømlopakken i PS-sak 55/2018 12. juni 2018. Pakken er ein revisjon av eksisterande bompengepakke. Det vart i finansieringsplanen lagt opp til eit bompengebidrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Fylkeskommunen vart føresett å bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlo kommune med 1,7 mill. 2018-kr. Det vart lagt til grunn fire nye bomstasjonar i tillegg til vidareføring av dagens bompengestasjon på Spissøya og på ferjesambandet Buavåg-Langevåg. Gjennomsnittleg inntekt per passering vart sett til om lag 20-22 kr (2018-kr) i alle fem bomstasjonane med 15 år innkrevjing. Utbygginga vart lagt opp til å skje i perioden 2018-2023.

Søknad om godkjenning som bompengeprojekt er enno ikkje sendt til Samferdselsdepartementet.

Konsekvensane er førebels at det ikkje har vore mogleg å byggje ut heile delstrekninga fv. 541 Sakseid- Hestanes, og at andre mindre prosjekt også blir utsette.

Askøypakke 2

Kommunen ønska å lengje innkrevjingstida med 5 år for å kunne gjennomføre alle prosjekta i Askøypakken.

Fylkestinget gjorde m.a. følgjande vedtak ved handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet 12. desember 2017:

For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeidd med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpande og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.

Samferdselsdepartementet har i brev av 20. mai 2019 gjort klart at forlenging av innkrevningstid ikkje lenger er eit aktuelt verkemiddel. Ut i frå dette vart arbeidet med lenging av innkrevningstida mellombels stogga. I skrivande stund er det ikkje teke stilling til om det skal søkjast på nytt eller om kommunen ønskjer ein utvida ny pakke.

Status for søknadsbehandling

Før førre årsskifte hadde Statens Vegvesen gjennom Sams vegadministrasjon det faglege ansvaret for utforming av bompengepakkar. Frå 1. januar 2020 vart det faglege ansvaret for søknader overført til Vestland fylkeskommune

Før årsskiftet stogga arbeidet opp i Statens Vegvesen grunna manglande avklaringar frå sentralt hald om endringar i regelverk knytt til bompengepakkar. Det vart ikkje fremja bompengeproposisjonar i det heile teke på fylkesveg i 2019. Statens Vegvesen fekk difor ikkje slutført arbeidet med desse proposisjonane før det faglege ansvaret vart overført til fylkeskommunen.

Etter årsskiftet har det teke noko tid for å få bygd opp naudsynt kompetanse i fylkesadministrasjonen og det har vore behov for å få fram avtalar om bistand frå Statens Vegvesen.

Det har vidare inntil nyleg ikkje vore avklart korleis vidare sakshandsaming i departementet vil finne stad. Det er no gjennom brev datert 27. april avklara at søknader om bompengefinansiering skal sendast til Statens Vegvesen til kvalitetssikring før dei sendast til Samferdselsdepartementet for utarbeiding av bompengeproposisjon for Stortinget.

Det står igjen nokre mindre avklaringar knytt til Bømlopakke 2 og til Kvinnheradpakken før dei vert sende til Vegdirektoratet for kvalitetssikring. Fylkesdirektøren vonar at dei kan bli sende sommaren 2020. Når proposisjonar kan bli fremma for Stortinget, er avhengig av vidare saksgang i Samferdselsdepartementet.